

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øivind Olsnes		17/49

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
019/2017	Formannskapet	PS	07.03.2017

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Formannskapet - 019/2017

### FOR - behandling:

Assisterande rådmann og rådmann orienterte om drøftingar i møte den 23. februar med administrasjon i Vaksdal vedkomande status for følgjande avtalar mellom Vaksdal og Modalen

#### Grunnskuleavtale

Gjeldande avtale er ikkje sagt opp og vert føreslegen fornya for neste skuleår  
Har drøfta kostnader i høve betalingssatsar for gjesteelevar, spesialundervisning, skuleskyss, språkopplæring for framandspråklege elevar

#### PPT-avtale

Avtalen gjekk ut ved nyttår og må fornyast. Samarbeidet gjeld Vaksdal, Samnanger og Modalen  
Kostnadsdeling: Ønskjeleg med endring frå Vaksdal

#### Barnevern

Avtale frå 2007. Avtalen går ut til nyttår og må fornyast.

#### Barnehage

Har ikkje avtale, men avtalt at Vaksdal yter eit tilskot for born busett i Vaksdal som har barnehageplass i Modalen.

Vi ønskjer ei meir formalisert ordning som avklar rettar og plikter for Vaksdal kommune

### **Veterinær**

Føregår drøfting av ein avtale som skal ivareta Modalen og Vaksdal sitt lovpålagde ansvar i høve kommunale veterinærtenester.

Orienterte om skisse til kostnadsdeling mellom kommunane.

### Oppfølging

Administrasjonen føl opp arbeidet med endring av avtalar og lagar eit framlegg til meir forpliktande avtale for barnehage

### **Innsamling av landbruksplast**

Kjetil Eikeft har i haust/vinter stilt spørsmål til saka.

Dette har vorte følgt opp av landbrukssjefen. Det er no avtalt ein innsamlingsdato med NGIR og Modalen bondelag. Det vil verte sendt ut nærmare informasjon om leveringsdato i mai .

### **Rekruttering ny rådmann**

Formannskapet drøfta rekruttering av ny rådmann, og la slik skisse til grunn for arbeidet:

1. Ordførar sender ut prisførespurnad til 3-4 rekrutteringsbyrå med frist 21.03.2017 kl.12.00
2. 28.03.2017 Ekstraordinært Kommunestyremøte der løyving av midlar til rekruttering vert handsama
3. 28.03.2017 Formannskapet vurderer innkomne tilbod og etablerer eit arbeidsutval som skal fylje rekrutteringsprosessen

### **FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering